

REFERAT FRÅ VÅRMØTE 2010, ALPINT

Stad/ dato : Skei, 20 mai 2010

Til stades: Lilly Schøyen (SFSK, styret), Roar Birkeland (SFSK/ Førde IL), Martin Hopland (SFSK/ Stryn T&IL), Per Bjarte Lomheim (Hafslo IL,alpint), Geir Foss (Sogndal IL alpint), Agnar Bøyum (Jølster IL alpint), Mona Foss (Sogndal IL alpint), Eilert Årset (Jølster IL alpint), Fabian Bergquist (Jølster IL alpint), Olav Erik Hagen (IL Vetem alpint), Ragnar Lunde (Stryn T&IL, alpint), Olav Betten (Førde IL alpint), Vidar Taklo (Jølster IL alpint), Mona Sårheim (BBIL, alpint), Anders England (Haugen IL alpint), Jostein Reppen (Sogndal IL alpint),

Møteleiar: Lilly Schøyen

Referentar : Mona Foss og Lilly Schøyen

SAKLISTE:

- 01) Evaluering av sesongen 2009/2011
- 02) Fjord1 samlingar 2010/2011
- 03) Krinslaget 2010/2011
- 04) Strukturelle endringar i terminlista 2011
- 05) Retningslinjer ved flytting av renn
- 06) Økonomi og budsjett
- 07) Endring av startkontingent for sonerenna i Fjord1 Cupen
- 08) Eventuelt

Møtet blei innleia med 1 minutt stillheit for å minnast Øyvind Wie.

Vel møtt, presentasjon og innleiing v/ Lilly Schøyen

Sak 01) Evaluering av sesongen 2009/2010

- Alle renn bortsett frå Even Hole cup er arrangert.
- Mykje flytting og endringar i forhold til snøforhold i enkelte områder.
- God sportsleg kvalitet på alle arrangement.

- Fråfall av 14-15 åringar. Kvifor sluttar ein i denne alderen?
- Kven sluttar? Er det berre dei som ikkje står på pallen.
- Viktig med godt klubbmiljø. Tilhørighet og den sosiale biten betyr mykje.
- Godt organiserte barmarkstreningar er viktig.

- Riktig trening for å unngå skader. Utøvarane få opplæring i eigentrening.
- Krinslaget er med på å skape tettare band mellom klubbane.
- Viktig at utøvarane på krinslaget møter på barmarksamlingane.
- Me har for store avstandar til å trene regelmessig på kryss av klubbane.
- Spørsmål om kretsen kunne få i gang ein cup for dei som er ferdige med Hovedlandsrenn?
- Vanskelig å kombinere fisrenn og skulegang visst ein ikkje går på skigymnas
- Kvifor er Hafjell samlinga som regel det siste dei som sluttar forlet?
- Frå hausten av startar skisatsinga i Sogndal med base for ski i Hollekve. Torgeir Sværen Henjum er skilærer med Geir Foss som assistent.

SAK 02) Fjord 1 samlingar 2010/2011

Samlingsplan 2010/2011

- Juvass 11-13 juni (for 1999 og eldre)
- Juvass 02-05 september (for 2000 og eldre)
- Hintertux 11-16 oktober (for 2000 og eldre)
- Hafjell 25-28 november (ingen nedre alder)
- Hafjell 06-09 januar (ingen nedre alder)

Treningsavgift på samlingane blir kr 300,- pr dag.

Kjus rennskule er trenarar for gruppe 1-3

Lokale trenarar for gruppe 4-5

Leiar på Kjus rennskule er no Peter Ledere

-Ynskjeleg med kompetanseoverføring frå trenarane på Kjus rennskule til lokale trenarar i forbindelse med samlingane.

-Engasjere Kjus rennskule til lokale samlingar igjen.

- I forkant av landsfinalen som skal gå i Jølster 2011 er det ynskjer om å trene fart i bakken.

- Haugen alpint er innstilt på å ha ei fartsamling igjen i 2011

SAK 03) Krinslaget 2010/2011

21-22 august barmarksamling i Sogndal
25-26 september barmarksamling Eid
06-07 november barmarksamling Førde

09 -12 desember 2010 Fisrenn på Geilo
06 -09 januar 2011 Ffisrenn på Oppdal
17 -23 januar 2011 Fartsveka, NM junior I (U, SC, SG) FIS- renn Hafjell
23 -27 februar 2011 Fisrenn på Jølster/Voss
21 – 27 mars 2011 Hovudlandsrennet Voss
02 -03 april 2011 NM juniorII SSL/SL Stad ikkje bestemt
05 -06 april 2011 NM junior I SSL/SL Hovden?

Oppsette renn er retningsgjevande

Ein del vel å stå utanom krinslaget p.g.a. pris. Spesielt var det innspel om at prisen på 11000,- for fisløparar var høg, då mange ikkje deltek på alle fisrenn og samlingar. Fråver frå skulen er ein av grunnane til dette.

Pr dags dato var det 16 utøvarar som hadde meldt seg på krinslaget.

For lite skitrening vår / haust. Fisløparane skulle hatt mykje meir trening spesielt på haust.

Sportsleg ansvarlig ski: Kjuss Rennskule
Sportsleg ansvarlig, barmark: Atle Sæterbakken

SAK 04) Strukturelle endringar i terminlista

Alpinkomiteen la fram ny modell for rennavvikling for å fristille helgar til trening på heimebane. I staden for at ein klubb arrangerer renn både laurdag og søndag som i dag, kan renna delast på to klubbar same helg. F. eks Sogndal og Hafslø ei helg. Førde og Jølster ei o.s.v.

Innspel frå salen.

- KM inn i kvalikrenn
- Arrangere lokale renn midt i veka
- Skirenn den beste trening dei kan få
- Og ein fare med for få renn
- Viktig med treningshelgar på heimebane, trene lokalt.
- Lokale renn om helgane trekker mange deltakarar i motsetnad til renn midt i veka.

Stemming i salen for AK sit framlegg.

SAK 05) Retninglinjer ved flytting av renn

Retningslinjer til orientering

Vedkommande klubb som skal overta renn må ha rimelig tid til forberedelsa.

Etter den nye modellen med delt renn i same region, vil det bli enklare å flytte renn sidan ein arrangør i same region allerede er i gang.

SAK 06) Økonomi og budsjett

Presentasjon av rekneskapen ved Yngve Thorsen

SAK 07) Endring av startkontigent for sonerenna i Fjord 1 cupen

Spørsmål om ein skulle endre startkontigent frå kr 30,- til 50,-

Ulik praksis med premiering på renna. Noken klubbar har t.d. juice / melk sponsa frå Tine som premiar, medan andre har pokalar.

Arrangøren bestemmer premiering.

Startkontigenten blir ståande som tidligare med kr. 30,-

SAK 08) Eventuelt

Roar Birkeland hadde sett på utviklinga / deltagelsen i Fjord 1 renna. Han hadde her laga statistikkar og orrienteerte om dette. I 2007 var det 315 løparar som deltok på Fjord 1. 50% køyrde finalen I 2010 var det 256 løparar som deltok og berre 30% køyrde finalen.

Mange løparar køyrer berre i eigen bakke.

Litt ulik praksis rundt i klubbane ang. gjennomføring av rennet.

- Noken har ikkje muligheit p.g.a tid(med tanke på at dette er eit kveldsrenn) å gjennomføra meir enn ein omgang og premieseromoni.
 - Andre har to omgangar og premieseromoni.
 - Medan noken har premieutlevering ved målgang
- At dette blir utført ulikt, skuldast nok og antall deltakarar.
Kan det vera aktuelt med 3omgangar eller 4.
Blir for lite skikøyring for å få familiane ut i bakken.

Korleis kan me gjere Fjord 1 meir attraktivt?

Eit forslag var å ha to paralelle løyper for å spare tid.

Fjord 1 er tenkt som eit rekruteringsrenn for dei yngste. Men det er motiverande for dei ynste at dei eldste er med.

Viktig at dei eldste viser måtehold i forhold til utstyr på slike renn.

Telenor er vorte eit større rekruteringsrenn enn Fjord1.

Roar hadde forslag til endringar: Alpinkomiteen arbeidar vidare med desse.

-Viktig å kunne stokke på poengsummen for dei eldste . Dette er motiverande for dei.

-Kan finalen telje meir enn dei andre renna?

-Klubbane må bli flinkare til å få med seg flest mulig utøvarar til finalen.

Spørsmål frå salen om avstand mellom portar. Praktiserar me her i fylket med kortare avstand enn andre stader?

Nei, men her er det viktig å sette ulike modellar på treningar.

Utøvarane må befare løypene.

Løypene og avstandar vil vere ulikt etter bakkar og løypesettar.

Kjus rennskule har gått ned på lengda mellom portane.

Premiering på renn .

Ulik praksis vedrørende premiering på renn , der dei fleste klubbar premierar 100% , medan nokre premierar etter 1/3 modellen.

Dette bør gjerast likt i alle klubbar.

Lite motiverande for løparar som veit dei ikkje står øverst på pallen å reise rundt på renn, eller fortsette idretten når dei ikkje blir ekstimert ved premiutdeling. Viktig å bli oppropt, få deltakarpremie og bli med på bilde. Å oversjå løparane er ikkje vegen å gå for å beholde breidda.

Enkelte hadde ved kontakt med skikrinsen vorte anbefalt av Yngve Thorsen ved SFSK å praktisere premiutdeling etter 1/3 modellen og meinte det ikkje var så enkelt å holde seg til reglane når andre klubbar braut reglemanget.

Her er regelen som den står i NSF sitt rennreglemang :

Premiering og klasser

Hver årsklasse premieres for seg etter følgende skala beregnet etter antall startende:

Antall premier:

a. 12 år og yngre 100 % av antall startende. I alpint for kl 11 år og yngre.

b. 13-14 år 100 % av antall startende. I alpint kl 12 – 13 år

c. 15-16 år minst 50 % av antall startende. I alpint kl 14 – 15 år.

d. 17 år og eldre minst 1/3 av antall startende.

e. I NM og Hovedlandsrennet premieres 1/3 av de startende.

f. I Landsfinalen i alpint for kl 12 – 13 år premieres 50 % av de startende.

g. I de yngste klasser med 100 % premiering anbefales like premier.

h. I klassene 11 år (10 år i alpint) og yngre gis like premier til alle, da det ikke er tillatt med rangerte resultatlister

Stemminga i salen var at det var ynskjeleg med 100% premiering

Ref. Mona Foss